

Emnerapport / Course report ved / at Infomedia #68

Emnekode / Course code JOU100

Emnetittel / Course title Introduksjon til journalistikk og akademisk skriving

Semester h22

Emneansvarlig / Course coordinator Lars Arve Røssland

Sist evaluert (semester / år) / Last evaluation (semester / year) første gang

Hva er emnets undervisnings- og vurderingsform? / What are the teaching methods and forms of assessment used in the course?

Emnet har forelesingar, seminar, workshops, rettleiing - både individuelt og i grupper

Oppfølging fra tidligere evalueringer / Follow up from previous evaluations

Ikkje relevant. Første gangs gjennomføring hausten 2022

Evalueringemetode(er) / Form of evaluation Muntleg evaluering mot slutten av kurset + skriftleg, digitalt

Sammendrag av studentene sin evaluering / Summarize the results from the student evaluation

Studentane er gjennomgåande nøgde, men vil ha meir av praktiske workshops og litt meir undervisning totalt sett. Sjå elles rapport frå emneansvarleg.

Emneansvarligs evaluering / The course coordinator's evaluation

JOU 100 - Introduksjon til journalistikk og akademisk skriving - gjekk aller første gongen hausten 2022. Tidlegare har førstesemester-studentane hatt to 10 poengskurs, no er dette blitt omgjort til eitt på 20 studiepoeng. Det skal innkapsla både introduksjon til journalistikk teoretisk, praktiske introduksjons-workshopar og relevant tilnærming til akademisk skriving. I den gamle ordninga hadde journalistikk-studentane akademisk skriving-kurs saman med TVP-studentane. No når denne delen er innbakt i det eigne introduksjonskurset i journalistikk er tilnærminga knytt til dei formene for akademiske oppgåver som journalistikk-studentane møter i sitt program.

Emnet var delt i tre, der den praktiske og teoretiske introduksjonen til journalistikk kom først. Deretter var det eit intensivt arbeid med oppgåva til kurset siste delen av kurset. Oppgåvas tema og problemstilling skulle springa ut av kursinnhaldet i dei to første delane.

Det blei gjennomført ein muntleg evaluering med studentane i slutten av kurset. Tilbakemeldingane sprika noko. Ein del ville ha fleire praktiske workshops, ein del andre ville ha meir teori. Intervjuteknikk, deltakinga på Sportskonferansen og radio-undervisninga fekk særskilde gode tilbakemeldingar.

I arbeidet med refleksjonsoppgåva i kursets siste del fekk studentane individuell rettleiing og tilbod om gruppe-rettleiing, i tillegg til at dei skulle arbeida sjølvstendig. Det synest i tilbakemeldingane som om at studentane ikkje rekna inn desse siste vekene som ein del av kurset/undervisninga. Dette bør tydeleggjerast til seinare. I tillegg er det rom for å utvida hovudkurset med ei veke.

Dette var første gjennomføring av JOU 100. Opplegget frå hausten 2022 kan godt ligga til grunn også for neste, men med mindre justeringar. Det er viktig å halda god dialog med studentane undervegs. Det er rom for tilpassingar i tilbod og opplegg, berre ein får fanga opp relevante tilbakemeldingar.

Evt. kommentar til karakterfordeling / Comments on the grade distribution

Bestått - ikkje bestått: 28 bestått, 1 ikkje-bestått

Mål for neste evalueringsperiode - forbedringstiltak? / Goals for the next evaluation period - what can be improved?

Forbetra dei enkelte øktene i det opplegget som blei lagt hausten 2022. Utvida undervisningsperioden med ei veke. Klarare rammer/informasjon for kva som skal skje veke for veke.